Bibeltekstar til påskeliturgi – m/nattverd

3. TEKSTLESING

A. Salme 114,1-4.

”Då Israel drog ut or Egypt,
då Jakobs ætt tok ut frå eit folk
som tala eit framandt språk,
vart Juda Herrens heilagdom
og Israel hans rike.
Sjøen såg det og rømde,
Jordan snudde og rann tilbake.
Fjella hoppa som verar
og haugane som lam.”

B. Salme 114,5-8.

”Kva har hendt deg, sjø, sidan du rømer?
Kvifor renn du tilbake, Jordan?
De fjell, kvifor hoppar de som verar,
de haugar, kvifor spring de som lam?
Skjelv for Herrens åsyn, du jord,
skjelv for Jakobs Gud,
han som gjer berget til eit vatn
og harde fjellet til ei kjelde.”

6. KARPAS

C: 1 Kor 10,1-4.

”Eg vil ikkje, brør, at de skal vera uvitande om dette: Fedrane våre i øydemarka var alle under skya, og gjekk alle gjennom havet. Alle vart døypte til Moses i skya og i havet, og alle åt dei den same åndelege maten og drakk den same åndelege drikken. For dei drakk av det åndelege berget som fylgde dei; og berget var Kristus.”

10. HAGGADAH – FORTELJINGA OM UTFRIINGA

A: 2 Mos 12,3, 5, 8, 14-15.
(3) ”Sei til heile Israels-lyden: Den tiande dagen i denne månaden skal kvar husfar ta seg ut eit lam, eitt til kvar huslyd!”(5) ” Det må vera eit årsgamalt, lytelaust verlam. I staden for eit lam kan de òg ta eit kje.” (8) ”Og kjøtet skal dei eta same natta; dei skal steikja det på elden og eta det med usyrt brød og bitre urter attåt.”(14-15) ”Og sidan skal denne dagen vera ein minnedag for dykk. Då skal de halda helg og høgtid for Herren. Ei evig lov skal det vera for dykk å halda den dagen heilag i ætt etter ætt. Sju dagar skal de eta usyrt brød. Alt den fyrste dagen skal de få surdeigen ut or husa dykkar. Kvar den som et syrt brød mellom den fyrste og den sjuande dagen, skal rydjast ut or Israel.”

B: 2. Mos 12,21-28, 37, 42.

(21-28) ”Då kalla Moses saman alle dei eldste i Israel og sa til dei: «Gå og henta småfe til huslydane dykkar og slakta påskelammet! Så skal de ta ein isopkvast, duppa han i blodet som er i skåla, og stryka noko av blodet på dørbjelken og dørstolpane. Og ingen av dykk må gå ut gjennom husdøra si før om morgonen. For Herren vil fara gjennom landet og slå egyptarane med ulukke. Og når han ser blodet på dørbjelken og dørstolpane, skal han fara framom døra og ikkje la tynaren sleppa inn i husa dykkar og drepa. Dette skal de halda dykk etter. Det skal vera ei lov for deg og etterkomarane dine til evig tid. Når de så kjem inn i det landet Herren etter sin lovnad vil gje dykk, skal de halda denne høgtidsskikken ved lag. Og når borna dykkar spør kva dette er for ein skikk, skal de svara: Det er påskeoffer til Herren, fordi han fór framom husa åt israelittane i Egypt, då han slo egyptarane med ulukke, men sparte heimane våre.» Då bøygde folket seg til jorda og tilbad. Og israelittane gjekk av og gjorde dette. Som Herren hadde sagt til Moses og Aron, så gjorde dei.”
(37) ”Så tok israelittane ut frå Ramses og fór til Sukkot. Dei var om lag 600 000 mann til fots, forutan kvinner og born.”
(42) ”Det var ei vakenatt for Herren då han førte dei ut or Egypt. Difor skal alle israelittar vaka for Herren den natta, i ætt etter ætt..”

C: 2 Mos 14,5, 9-14

(5) ” Men då kongen i Egypt fekk vita at folket hadde rømt, snudde dei om, både han og mennene hans. «Kva er det vi har gjort,» sa dei, «vi som gav Israel fri frå arbeidet?»”
(9-14) ”Egyptarane sette etter dei med alle vognene og hestfolket, ja, heile hæren åt farao, og nådde dei att bortmed Pi-Hakirot, der dei låg i leir nedmed sjøen, midt for Ba’al-Safon. Då farao nærma seg, fekk israelittane sjå at egyptarane kom etter dei. Dei vart livande redde og ropa til Herren. Og dei sa til Moses: «Fanst det ikkje graver i Egypt, sidan du har ført oss hit så vi skal døy i øydemarka? Kvifor har du ført oss bort frå Egypt og gjort dette mot oss? Var det ikkje det vi sa til deg i Egypt: Lat oss få vera i fred! Vi vil tena egyptarane. Det er betre for oss, det, enn å døy i øydemarka.» Då sa Moses til folket: «Ver ikkje redde! Stå berre fast, så skal de få sjå korleis Herren hjelper dykk i dag! For så som de ser egyptarane i dag, skal de aldri sjå dei meir. Herren skal strida for dykk, og de skal vera stille.»”

A: 2 Mos 14,19-25.

“Guds engel, som gjekk føre Israels-hæren, skifte no plass og gjekk etter folket. Skystolpen, som var framfor dei, flytte seg og vart ståande bak dei, så han kom mellom egyptarhæren og Israels-hæren. På den eine sida var skya mørk, og på den andre sida lyste ho opp natta, og hærane kom ikkje innåt kvarandre heile natta. Då rette Moses handa ut over sjøen, og Herren sende ein sterk austavind, som bles heile natta, så vatnet dreiv unna og turre landet kom fram. Vatnet kløyvde seg, og israelittane gjekk tvert igjennom sjøen på turre botnen, medan vatnet stod som ein mur på begge sider. Egyptarane sette etter dei med alle hestane, vognene og hestfolket åt farao og fylgde dei til midt ut i sjøen. Men tidleg om morgonen såg Herren ned på egyptarhæren frå eld- og skystolpen og skapte redsle og rådløyse mellom dei. Han slo hjula av vognene deira, så det gjekk tungt for dei å koma fram. Då sa egyptarane: «Lat oss røma for israelittane! For Herren strider for dei mot egyptarane.»”

B: 2 Mos 14,26-31.

"Og Herren sa til Moses: «Rett handa di ut over sjøen, så skal vatnet fløyma attende over egyptarane, over vognene og hestfolket deira!» Så rette Moses handa ut over sjøen, og då det leid til morgons, kom vatnet veltande attende til det gamle lægjet sitt. Egyptarane rømde beint imot det, og Herren dreiv dei midt ut i sjøen. Vatnet strøymde i hop og skylde over alle vognene og alt hestfolket i farao-hæren, som hadde fylgt etter israelittane ut i sjøen. Ikkje ein kom frå det med livet. Men israelittane gjekk gjennom sjøen på turre botnen, medan vatnet stod som ein mur på begge sider.
Såleis berga Herren Israel frå egyptarane den dagen. Og israelittane såg korleis egyptarane låg døde på stranda. Då dei såg det storverket Herren hadde gjort mot egyptarane, fekk dei age for Herren, og dei trudde på han og på Moses, tenaren hans."

A: Joh 19,17-22.

"Så tok dei Jesus med seg. Han bar sjølv krossen sin og gjekk ut til den staden dei kallar Hovudskallen, på hebraisk Golgata. Der krossfeste dei han, og saman med han to andre, ein på kvar side, og Jesus midt imellom dei. Pilatus hadde skrive ei innskrift og sett på krossen. Der stod det: «Jesus frå Nasaret, kongen over jødane.» Mange av jødane las denne innskrifta, for staden der Jesus vart krossfest, låg nær byen, og innskrifta var på hebraisk, latin og gresk. Overprestane åt jødane sa då til Pilatus: «Skriv ikkje kongen over jødane, men at han sa: Eg er konge over jødane.» Pilatus svara: «Det eg skreiv, det skreiv eg.»

B: Joh 19,28-37.

"Jesus visste no at alt var fullført. Og for at Skrifta skulle oppfyllast, sa han: «Eg er tyrst.» Det stod eit kar med eddikvin der. Av den vinen fylte dei ein svamp, som dei sette på ein isopstilk og heldt opp til munnen hans. Då Jesus hadde fått eddikvinen, sa han: «Det er fullført!» Så bøygde han hovudet og anda ut.
Det var helgaftan, og dei døde måtte ikkje verta hangande på krossen over sabbaten, for denne sabbaten var ein stor høgtidsdag. Difor bad jødane Pilatus at beina måtte brytast på dei og lika takast ned. Soldatane kom då og braut beina, fyrst på den eine og så på den andre som hadde vorte krossfeste saman med Jesus. Då dei kom til Jesus, såg dei at han alt var død, og dei braut ikkje hans bein. Men ein av soldatane stakk han i sida med eit spyd, og straks rann det ut blod og vatn. Dette vitnar han som har sett det, og vitnemålet hans er sant. Han veit at det han seier, er sant, så de òg skal tru. Dette hende for at skriftordet skulle oppfyllast: Ikkje eit bein skal brytast på han."

A: Mark 16,1-8.

"Då sabbaten var til ende, kjøpte Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob, og Salome angande olje; for dei ville gå og salva han. Tidleg om morgonen fyrste dagen i veka kom dei til grava, med det same sola rann. Dei sa seg imellom: «Kven skal vi få til å velta steinen frå gravopninga?» Men då dei såg opp, fekk dei sjå at steinen var fråvelt. Han var svært stor. Då dei kom inn i grava, såg dei ein ung mann som sat på høgre sida, kledd i ein lang, kvit kjortel. Dei vart forfærde, men han sa til dei: «Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, han som vart krossfest. Han er oppstaden, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han! Men gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter at han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, som han har sagt dykk.» Då gjekk dei ut att og rømde frå grava, skjelvande av redsle. Og dei sa ikkje eit ord til nokon; for dei var redde."

14. MÅLTIDET

C: 2 Mos 1,11-14.

”Så sette egyptarane futar over israelittane. Dei skulle plaga dei med tvangsarbeid. Israelittane laut byggja to byar med lagerhus for farao; det var Pitom og Ramses. Men di meir egyptarane plaga dei, di meir auka dei, og di meir breidde dei seg ut, så egyptarane vart redde dei. Dei nøydde israelittane til å træla for seg og gjorde livet surt for dei med hardt arbeid i leirtaka og teglverka og med allslags jordarbeid. Alt dette trælearbeidet tvinga dei israelittane til å gjera.”